



Fruktprognose pr. 1. september 2020 frå Fruktlagerinspektøren

Fruktavlinga i år ser ut til å verte redusert med minimum 40% samanlikna med 2019. Årsaka er lang blomstringstid, kulde og noko vekselbæring då sesongen 2019 var ein svært god sesong. Den største svikten er for plommer, der vert det ein reduksjon på 80%. Slik det ser ut no, får vi ikkje meir enn så vidt over 400 tonn plommer.

Tabellen viser prognose for 2020 i tonn samanlikna med avlingane frå 2010 til 2019 – i tillegg har vi prognose for sesongen 2023.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020 pr1.9	Prognose 2023
Eple	7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	5306	10 033
Pærer	220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	315	500
Plommer	1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	415	1 919
Moreller	329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	397*	880
Sum	9 173	6726	7303	8 652	9 716	6 872	9 435	9 192	10 108	11038	6433**	13 332

*I tillegg har vi nokon som ikkje leverer til fruktlager

**I tillegg vil marknaden ta imot ca 500-600 tonn frukt utanom fruktlagera.

Morellprognose 2020

Morellsesongen 2020 viser noko mindre enn 2019. Det har til tider vore vanskeleg å verte kvitt morellene, det har vore rullering på 2 til 3 dagar før morellene kom ute på marknaden.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Prognose 2023
329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	397*	880

*Det er noko moreller som ikkje er med, då ikkje alt er levert gjennom pakkeri.

Plommeprognose 2020

Etter siste oppdatering av prognose er vi nede i 415 tonn med plommer. Vi har ikkje statistikk tilbake i tid med så lite plommer.

Prognosen seier ca 80% reduksjon i høve til 2019. Pr. 1. september er det pakka og levert 332 tonn. Det som er på lager og det som ikkje er hausta, er tilsaman 83 tonn.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	levert pr 1.9	Rest
1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	332	83

Pæreprognose 2020

Pæreprognosen er endra frå 1.august. Slik det ser ut no, får vi ei avling i overkant av 300 tonn. Det er pakka 15 tonn. På lager og det som ikkje er hausta, er ca 300 tonn.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Levert pr 1.09	Rest
220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	15	300

Epleprognose 2020

Det er noko endring frå 01.07.20. Epleprognosen syner at det truleg vert ei avling som er ca 64% av fjoråret. Det er Discovery og Gravenstein som sviktar.

Prognosen er framleis svært usikker då rognebærmøllen har gjort skade på Vestlandet som vi ikkje har full oversikt over endå.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Levert Pr 1.9	Rest
7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	811	4495

2011 og 2015 var òg fruktsesongar med låge avlingar og slik det ser ut no, kjem vi under dette.

Ein annan negativ effekt av lita avling, er mangel på råstoff til produksjon av sider og juice.

Lofthus 8. september 2020

Leif Øie